

Årsmelding 2004



Barne-, ungdoms- og familieetaten

«Hovudoppgåva vår er å gi brukarane hjelp og støtte, same kvar dei bur i Noreg.»

Årsrapport 2004

Utgivar: Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

April 2005

Opplag: 2000

Design: GrafiskForm AS

Trykk: Andvord



Innhold

- | | | | |
|-----------|--|-----------|--|
| 04 | 2004 – måned for måned | 13 | Brukarundersøkingar og kvalitetsarbeid |
| 06 | Sjølvberging i nord | 14 | Arbeid med ungdom |
| 07 | Betre institusjonstilbod | 16 | Inkluderande arbeidsliv
ung.no |
| 08 | Barnevern | | Informasjonsverksemd |
| 09 | Familievern | 17 | Adopsjon |
| | Ung i Europa | | Forsking og utvikling |
| 10 | Direktør Sæbønes: Brukarmedverknad er viktig | 18 | Nøkkeltall |
| 12 | Bufetat skal samarbeide | | |

01
JANUAR

02
FEBRUAR

03
MARS

04
APRIL

05
MAI

06
JUNI

2004 - måned for måned

Januar - Opning

Ved årsskiftet overtok Statens barnevern og familievern (SBF) ansvaret for barnevern og familievern, som fylkeskommunane hadde hatt tidlegare. Ved den offisielle markeringa av dette i slutten av månaden varsla barne- og familieminister Laila Dåvøy ei sterkare satsing på barnevernet.
- Vi må òg sjå spesielt på korleis tilboda på familievernkontora kan utviklast og utvidast, sa Dåvøy.

Dei første fagteama for barnevernet var på plass tidleg på året.

Februar - Konkurs

21 barn på Austlandet måtte skaffast eit nytt tilbud etter at Nektar Barnevern AS gjekk konkurs.

Mars - Seks nye fagteam

8. mars 2004 markerte Bufetat region aust opninga av Familievernkontoret Halden. Halden hadde ikkje hatt eit slikt tilbud før, og innbyggjarane måtte

då reise til familievernkontoret i Fredrikstad eller i Sarpsborg.

Dei seks fagteama i Region aust blei offisielt opna. Regionleiinga og fagteamleiaren inviterte då leiarane for familievernkontor og barnevernstiltak og representantar for kommunane, fylkesmennene og lokalmedia i kvart fagteamområde til ei markering av dette startskotet for samarbeid mellom regionen og kommunane.

April - Søknadsfrist

Fristen for å søkje om godkjenning for private og kommunale barnevernsinstusjonar gjekk ut 1. april. Det kom inn 140 søknader.

Statssekretæren i BFD, Hans Olav Syvertsen, vitja Sis Finnmárkku Bearassuojalanguovddás / Indre Finnmark Familievernkontor 21. april. Saman med statssekretæren var blant andre visepresident i Sametinget Ragnhild Nystad, direktør Ann-Marit

Sæbønes, regiondirektør Ulf Størmer og representantar frå BFD og Bufetat.

Bergen Mødreheim har i 100 år teke imot kvinner og barn i ein vanskeleg livssituasjon. Dette jubileet blei markert gjennom ei heil veke i april.

Mai - Konferanse og nettside

Med konferansen «For eit opnare barnevern» innleidde Bufetat arbeidet med ein ny kommunikasjonsstrategi for barnevernet.

Nettstaden fosterheim.no blei relansert i ny utgåve. Nettstaden er eit samarbeid mellom Bufetat og Trondheim og Oslo kommunar.

Direktør i Bufdir, Ann-Marit Sæbønes, opna det nye utekontoret til familievernet på Voss.

Juni - Undersøking

På oppdrag for Barne- og familiedepartementet og Bufdir gjennomførte



07

JULI

Sentio AS ei undersøking om kva haldningar dei tilsette i barnevernet har til media og offentlegheita.

Juli – Samanslåing

Barne-, ungdoms- og familieforvaltinga (BUFA) og Statens barnevern og familievern (SBF) blei slått saman til Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir). Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) blei oppretta.

August – Auka kapasitet

Region nord fekk hausten 2004 ein ny barnevernsinstitusjon, Harstad Ungdomshjem. Etter ei omorganisering av Harstad-avdelinga, som tidlegare var underlagd ein annan barnevernsinstitusjon, Lamokollektivet, blei ungdomsheimen etablert som ei eiga eining og kapasiteten auka med opphavleg to til seks plassar.

September – Nybygg

Ved Silsand Ungdomshjem på Senja i Midt-Troms flytta ungdommar og til-

08

SEPTEMBER

sette over i flotte lokale i eit nybygg. Direktør Ann-Marit Sæbønes i Bufdir stod for den offisielle opninga av ungdomsheimen 24. september.

Oktober – «God start»

Kurset «God start» for førstegongsforeldre blei lansert, i første omgang som eit pilotprosjekt i 25 kommunar. Det er meininga at dette i 2006 skal bli eit tilbod for alle førstegongsforeldre i heile landet.

Statsråd Laila Dævøy opna Blåklokka foreldre og barn senter i Førde i oktober.

November – Servicetelefon

Etter at Befringutvalet la fram NOU 2004:23 *Barnehjem og spesialskoler under lupen*, oppretta direktoratet ein servicetelefon for å hjelpe personar som tidlegare har budd på barnevernsinstitusjonar, og som meinte dei kunne ha krav på rettferdsvederlag. Ein samla plan for einskapleg nasjonalt foster-

11

NOVEMBER

heimsarbeid blei lagd fram.

Statsråd Laila Dævøy deltok ved opninga av fagteamet i Kongsberg 16. november. Teamet blei samlokalisert med familievernkontoret.

Alta Familievernkontor feira 30-årsjubileum i november.

Desember – Tilbodskonkurranse

Bufetat region vest utlyste ein tilbodskonkurranse om 60 plassar i barnevernsinstitusjonar.

Bufetat region sør vedtok å lokalisere det nye behandlingssenteret sitt for ungdom med alvorlege åtferdsvanskar til Thorøya i Sandefjord.

Noregs eldste familievernkontor – familievernkontoret i Steinkjer – feira 45-årsdag.

12

NOVEMBER-





Regiondirektør Ulf Størmer, Bufetat region nord:

Barn skal få hjelp i sin egen landsdel

Bufetats region for Nordland, Troms og Finnmark hadde ved oppstarten i 2004 ein større prosentdel barn plasserte i institusjonar utanfor regionen enn dei fire andre Bufetat-regionane. Regionen har arbeidd målretta for å bli sjølvberga med tiltak for eigne barn og unge.

- Dei tre nordlegaste fylka har hatt eit for svakt utvikla tiltaksapparat og få private institusjonar. Vi har også hatt ei svært ulik organisering av fosterheimstenesta. Berre Nordland hadde eiga fosterheimsteneste, seier regiondirektør Ulf Størmer.

Størmer er utdanna sosionom. Han har lang erfaring frå arbeid med barn og unge. Før han blei tilsett i stillinga som regiondirektør, var Størmer fylkesbarnevernssjef i Nordland.

- Kva for grep har de teke for å gjere region nord meir sjølvberga?

- Ved fleire av institusjonstiltaka er det gjort justeringar i bemanninga og organisasjonen, noko som har auka talet på plassar og betra kapasitetsutnyttinga. Ved utgangen av 2004 var 22 fleire barn og unge plasserte i våre eigne institusjonstiltak enn i byrjinga av året. Resultatet er at ein tidlegare sterk vekst i kjøp av private plassar i og utanfor regionen har stoppa opp. Vi ønskjer eit meir variert og differensiert tilbod for barn og unge, og det bør vere i nærleiken av deira eige nærmiljø og nettverk, seier Størmer.

Fosterheimstenesta i Region nord er omorganisert til fire avdelingar under kvar sin leiar, samlokalisert med fagteam og med same geografiske opptaksområde som fagteam. Dette har vore viktig for å redusere talet på institusjonsplasseringar og få fleire plasserte i fosterheim.

I løpet av året blei talet på ungdomsfamiliar (fosterheimar med spesiell oppfølging) utvida med 14. Ei avdeling med berre to klientar i Harstad under Lamokollektivet (Sjøvegan) blei omorganisert til eige institusjonstiltak, Harstad ungdomshjem, i nye lokale. Førebels er kapasiteten dobla.

- Er dette nok til å få merkbart betre kapasitet i regionen?

- Nei, men dette har vore starten på eit langsiktig arbeid, seier Ulf Størmer.



Regiondirektør Geir Kjell Andersland, Bufetat region vest:

Betre institusjonstilbod i heile landet



- Arbeidet med å gå gjennom og godkjenne barnevernsinstitusjonane har vore tidkrevjande, men eg er svært nøgd med at vi har gjennomført dette på ein god måte. Eg er overtydd om at godkjenningsordninga fører til ei kvalitetsheving ved institusjonane og såleis er til beste for barna.

Regiondirektør Geir Kjell Andersland er engasjert når han snakkar om arbeidet med å sikre og betre kvaliteten ved barnevernsinstitusjonen. Som jurist ser han verdien av å stille strengare krav:

- Eit av måla med at staten overtok dei tidlegare fylkeskommunale barnevernsoppgåvene, var jo å sikre eit kvalitativt betre institusjonstilbod i heile landet. Det blir stilt strengare krav til institusjonane både når det gjeld materiell standard og i fagleg innhald.

- Og du meiner de har lykkast?

- Eg er ikkje i tvil om at den prosessen vi og dei andre regionane gjennomførte i 2004, har gitt resultat. Før synfaringar og møte gjorde institusjonane eit grundig og godt forarbeid, der det blei gjort greie for målgrupper, behandlingsprogram og andre kvalitetskriterium. Det førte til at synfaringane blei effektive og målretta. Ein slik prosess er i seg sjølv med på å gi større kvalitetsmedvit, til beste for dei barna og ungdommane som vi er til for.

Region vest behandla 36 søknader i 2004. 30 søkjarar blei godkjende og éin mellombels godkjend, tre blei avviste, éin fekk avslag og éin trekte søknaden.

- Tilbodskonkurransen som blei lyst ut for å kjøpe private institusjonsplassar, gjekk ikkje like knirkefritt?

- Nei. Parallelt med kvalitetsgjennomgangen blei den første runden med kjøp av private institusjonsplassar gjennomført i tråd med reglane i forskrift for offentlege innkjøp. Men etter ei klage til Klagenemnda for offentlege innkjøp - KOFA - blei konkurransen avlyst. Region vest skal gjennomføre ein ny tilbodskonkurranse med forhandlingar våren og forsomnaren 2005. Då inviterer vi private institusjonar til å gi tilbod med utgangspunkt i ei bestilling på 60 nye plassar, seier regiondirektør Andersland.

Strengt krav for å bli godkjend som institusjon

I løpet av første halvår i 2004 måtte alle private og kommunale barnevernsinstitusjonar gjennom ein omfattande godkjenningssprosess. Arbeidet med dei 140 søknadene om godkjenning blei gjort av dei fem regionane i det statlege barnevernet. Direktoratet var klageinstans.

Godkjenningssprossen medførte eit omfattande arbeid, med synfaringar, gjennomgang av fylldig skriftleg dokumentasjon og behandling av kvar einskild søknad. Dette var eit nybrottsarbeid som stilte store krav til regionane.

Ved utgangen av året var 131 av dei 140 institusjonane blitt godkjende, éin hadde fått mellombels godkjenning med krav om å gjere forbetringar, og åtte blei ikkje godkjende. Tre av dei sende klage på vedtaket til direktoratet.

Ein førebels konklusjon etter godkjenningssarbeidet er at det var krevjande og omfattande, men at prosessen førte til ei kvalitetsheving i dei private og kommunale institusjonane.

Same krav til eigne institusjonar

Det blei også stilt kvalitetskrav til Bufetat sine eigne institusjonar. 108 statlege barnevernsinstitusjonar blei gjennomgått.

Det var ein føresetnad at regionane skulle stille like strenge krav til sine eigne institusjonar som til private og kommunale. Om lag ein tredel av dei statlege institusjonane fekk pålegg om utbetringar. Det førte til relativt omfattande arbeid med omstilling og omstrukturering. Ingen statlege institusjonar blei nedlagde i 2004, men ei styrt avvikling tok til ved to institusjonar.

26 fagteam

I 2004 blei det etablert 26 fagteam som bindeledd mellom det statlege og det kommunale barnevernet. Ein del team var på plass allereie i januar, med tilsette frå det gamle fylkeskommunale barnevernet. Andre måtte byggje opp verksemda frå grunnen av og trong meir tid. Ut på hausten var heile landet dekt.

Desse teama er tverrfagleg samansette. Saman med den kommunale barnevernstenesta skal dei finne fram til rett tiltak for det einskilde barnet. Målet er eit likeverdige barnevernstilbod i heile landet. Det blei i 2004 sett i gang fleire prosessar for å nå dette målet.

Skepsis til barnevernet - og kommunikasjonsstrategi

Som ledd i arbeidet med ein kommunikasjonsstrategi for barnevernet fekk Barne- og familiedepartementet og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet gjennomført undersøkingar som blant anna viste:

- folk flest var skeptiske til barnevernet
- medarbeidarane i barnevernet har gjennomgåande positive haldningar til offentlegheit i arbeidet sitt, men dei har avgrensa kompetanse og erfaring på området
- leiarane i kommunane har lite detaljkunnskap om det arbeidet barnevernet gjer, men dei har ei positiv haldning til barnevernet
- barnevernet blir stort sett framstilt negativt og emosjonelt i media, særleg når barnevernet ikkje sjølv uttaler seg

Departementet og Bufdir vil at barnevernet skal bli meir synleg i det offentlege rommet. Kommunikasjonsstrategien for barnevernet var ferdigstilt i desember 2004, men blei først lansert etter årsskiftet. Hovudmålet med kommunikasjonsstrategien er å posisjonere barnevernet som ei open, moderne og utviklingsretta teneste som arbeider for barns beste.

Kontor i heile landet – fleire tusen på kurs

I 2004 var det 65 familievernkontor over heile landet. Det var 26 kyrkjelege og 39 statlege kontor. Todelinga i familievernet er krytt til eigarskap og drift, ikkje til fagleg arbeid og tilbod til befolkninga. Familievernet hadde 12 kontor i Region nord, 6 i Region Midt-Noreg, 12 i Region vest, 10 i Region sør og 25 i Region aust.

I løpet av året var det mange som fekk kortare reiseavstand og ventetid. Det blei opna to nye utekontor. Den gjennomsnittlege ventetida gjekk ned frå 22,7 til 21,4 dagar. Det var store variasjonar frå kontor til kontor. Region nord hadde kortast ventetid.

Fleire tusen på kurs

Etaten heldt om lag 2300 kurs for ulike målgrupper, dreiv rettleiing overfor private og offentlege etatar og gjennomførte fleire andre utoverretta tiltak.

Kurstilbodet «Kva med oss?» gjekk ved utgangen av 2004 over frå prosjekt til fast tilbod. Utvalde familievernkontor har ansvaret for drifta. Prosjektet retta seg mot foreldre med funksjonshemma barn. I prosjektperioden deltok 1600 foreldre på samlivskurs. 1000 fagpersonar var med på kompetansestyrt kurs.

Region aust etablerte gruppetilbod for innvandrareforeldre, og familievernet har delteke i PMTO-prosjekt (Parental Management Training Oregon) og i opplæring av PMTO-terapeutar. I tillegg har fleire regionar kontor som deltok i prosjektet «Vald i nære relasjonar».

«God start» er tittelen på eit kurs for førstegongsforeldre. Det

kom i gang som eit pilotprosjekt i 2004. Det blei etablert ei prosjektgruppe, ei styringsgruppe og eit fagleg referansenettverk. 25 kommunar fekk vere med i prosjektet, og det blei utarbeidd kurshefte, kursleiarmanual og informasjonsmateriell til kommunane. 90 deltakarar frå pilotkommunane fekk kursleiropplæring. Vel 100 par deltok i til saman 20 kurs i 17 av dei 25 kommunane. Tilbakemeldingane og evalueringane undervegs var gode. Over 90 prosent av deltakarane sa at dei ville rå andre til gå på kurset.

Samliv og samlivsbrot

Det var sett av 3,1 millionar kroner til ordninga med tilskot til lokale samlivstiltak og samlingar. Det kom inn søknader om over tre gonger så mykje, omtrent ti millionar. 132 av 245 søknader blei innvilga, og 113 blei avslått. 23 klaga på vedtaket.

58 klaga på separasjons- og skilsmissevedtak. Det kom inn 14 søknader om vigselfrett frå trussamfunn og éin søknad frå eit livssynssamfunn. Éin klaga på avslag på søknad om å få gifte seg før fylte 18 år.

Rettsferdsvederlag

145 søkte om rettsferdsvederlag i 2004. Ved utgangen av året låg det 233 saker til behandling. I desse sakene var behandlingstida to år. Direktoratet fekk også i oppgåve å rettleie tidlegare barneheimsbarn.

I løpet av 2004 har vi hatt 120 informasjonsmøte og informasjonsstandar om familievern.

UNG i Europa gav 2000 ungdommar moglegheiter

Programmet UNG i Europa fordelte i 2004 nesten 16 millionar kroner til unge mellom 15 og 25 år og til personar som arbeider med ungdom. Pengane gjorde det mogleg å delta i internasjonalt arbeid i 31 europeiske land. Unge med spesielle behov blei særleg prioriterte. Bufdir fekk 234 søknader om støtte i 2004. 187 av dei blei innvilga. Det vil seie at over 2000 ungdommar fekk støtte gjennom UNG i Europa i 2004.

UNG i Europa gav støtte til slike internasjonale og lokale ungdomsprosjekt:

Gruppeutveksling: Ungdomsgrupper frå Noreg møtte ungdomsgrupper frå andre delar av Europa for at dei skulle bli kjende og ha aktivitetar saman.

Frivillig arbeid i Europa – volontørtjeneste: Offentlege tiltak og frivillige organisasjonar sende ut og/eller tok imot ungdom mellom 18 og 25 år som gjorde frivillig arbeid i eit lokalt prosjekt i opptil eit år.

Lokale ungdomsprosjekt: Ungdomsgrupper tok initiativ til og gjennomførte prosjekt som var til nytte for lokalsamfunnet.

Kompetanseheving for ungdomsarbeidarar: UNG i Europa tilbød opplæring i prosjektstyring og internasjonalt arbeid for folk som arbeider med ungdom.

Internettadressa til UNG i Europa er www.ungieuropa.no.



Ein etat - eitt direktorat - fem regionar

Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat), inkludert Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), er forvaltningsorgan under Barne- og familiedepartementet. Etaten har vore i verksemd sidan 1. juli 2004. Direktoratet blei etablert gjennom ei samanslåing av Barne-, ungdoms- og familieforvaltinga (BUFA) og Statens barnevern og familievern (SBF).

Det nye etaten og direktoratet fekk blant anna ansvaret for

- statlege barnevernstenester, inkludert drift av barnevernsinstitusjonar
- familievernet, inkludert drift av familievernkontor
- behandling av adopsjonssaker
- behandling av søknader om rettfærdsvederlag i barnevernet
- tildeling av statlege midlar til barne- og ungdomsorganisasjonar, til familie- og likestillingsorganisasjonane og til samlivstiltak
- samarbeid med EU om ungdomsutveksling og informasjon til unge

Direktoratet er det øvste organet for Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat), som er organisert i fem regionale einingar med eigne direktørar.

Direktør Ann-Marit Sæbønes:

Brukarmedverknad og ein open organisasjon er viktig



Direktør Ann-Marit Sæbønes gjekk inn i 2004 som leiar for Statens barnevern og familievern (SBF) og forlét året som sjef for Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir). Den energiske direktøren meiner det er eit privilegium å få vere med på å utvikle ein så viktig etat som Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat). Sæbønes har møtt entusiastiske medarbeidarar på tenestereiser over heile landet, sjølv om mange har vore gjennom store forandringar på kort tid.

– Det har vore eit spennande og utfordrande år. Det å samle det tidlegare fylkeskommunale barnevernet under ein statleg paraply har bydd på utfordringar, både fagleg, administrativt og økonomisk, blant anna fordi fylkeskommunane la vekt på ulike sider ved denne verksemda.

18 ulike kulturar

Ann-Marit Sæbønes er også oppteken av at omorganiseringa frå 2004 har gjort det mogleg å arbeide samla med familievernet og få til eit betre samarbeid mellom familievernkontora og mellom barnevernet og familievernet. Overføringa av søknadsbehandlinga i adopsjonsaker til dei fem regionkontora i Bufetat har også vore eit stort lyft. Bufdir har i tillegg ansvaret for ungdomsinformasjon.

Samanslåinga av Statens barnevern og familievern og Barne-, ungdoms- og familieforvaltinga (BUFA) 1. juli 2004 kom midt i oppbyggingsfasen for ein ny organisasjon. Dermed fikk Sæbønes ansvaret for adopsjon, rettsferdsvederlag, ei rekkje tilskotsordningar og ungdomsinformasjon – på toppen av utfordringane innan barnevernet og familievernet. I arbeidet med å sameine dei ulike fagmiljøa har Ann-Marit Sæbønes fått solid støtte av tidlegare BUFA-direktør Gro Aicher, som etter samanslåinga blei assisterande direktør i Bufdir.

– Den store utfordringa har først og fremst vore ute i dei fem regionane våre. Vi skulle byggje opp ein heilt ny etat, basert på 18 ulike kulturar. Det er svært viktig at vi tek vare på all den kompetansen som finst blant dei tilsette, og byggjer opp ein ny, felles kultur. Vi har allereie teke mange steg i riktig retning. Målsetjinga for 2004 var ikkje å komme heilt i mål. Den dagen vi seier at målet er nådd, har vi tapt, for då har vi stoppa opp, seier direktør Sæbønes.

Brukarmedverknad og ein open organisasjon

Heilt sidan oppstarten av det nye direktoratet og den

nye etaten har Ann-Marit Sæbønes hatt særleg to saker som ho gløder for: brukarmedverknad og ein open organisasjon.

– Brukarmedverknad har vore viktig frå første stund. Ein del av regionane bruker allereie spørreskjema for å få tilbakemeldingar frå brukarane. Vi trekte Landsforeninga for barnevernsbarn og Fosterhjemsforeninga med i arbeidet med den nye kommunikasjonsstrategien for barnevernet, og vi skal jobbe målretta vidare med dette. Det er viktig å vere ein open organisasjon både i den forstand at det skal vere trygt å ta opp ting internt, og ved at vi skal vere opne overfor omverda, seier Sæbønes.

Eit viktig prosjekt for Bufdir i arbeidet for å skape ein meir open organisasjon var den nye kommunikasjonsstrategien for barnevernet, som direktoratet utvikla saman med Barne- og familiedepartementet i 2004.

Kvalitetslyft for barnevernsinstitusjonane

Dersom Ann-Marit Sæbønes skal peike på ei einskildsak som dominerte etaten i 2004, blir det kvalitetsgjennomgangen og godkjenninga av barnevernsinstitusjonane i landet. Dette arbeidet førte til ei sterk kvalitetsbetring for brukarane.

– Både private, kommunale og statlege institusjonar fekk ei rekkje pålegg om forbetringar, på område som kompetanse, metodar, administrasjon, økonomi og bygningar, og alle tok dette svært seriøst. Kvalitet er viktig, slår Ann-Marit Sæbønes fast.

Då Befringutvalet i november la fram rapporten om omsorgssvikt og overgrep i barneheimar og skuleheimar/spesialsular i perioden 1945–1980, fekk både tilsette i Bufetat og samfunnet elles ei påminning om kor viktig det er med kvalitetsarbeid i barnevernsinstitusjonane. I samband med offentliggjeringsrapporten oppretta Bufdir ein servicetelefon for å hjelpe personar som tidlegare har budd på barnevernsinstitusjonar, og som meinte dei kunne ha krav på rettsferdsvederlag.

– Det var utfordrande, men samtidig fint, at vi fekk denne oppgåva. Dette arbeidet vil hjelpe oss å hindre at det om 20 år blir nødvendig å opprette eit nytt granskingsutval som skal avdekkje feil og overgrep i dei institusjonane vi har i dag. Med godt fagleg arbeid, brukarmedverknad og ein open organisasjon kan vi unngå at historia gjentek seg, seier Ann-Marit Sæbønes.



Regiondirektør Aud Bjørkås, Bufetat region Midt-Noreg:

Samarbeid med helseføretak og kommunar

Samarbeid med kommunar og helseføretak er nøkkelen til suksess, meiner regiondirektør Aud Bjørkås i Region Midt-Noreg.

Sjølvs har ho lang erfaring frå offentleg forvaltning på kommunalt, fylkeskommunalt og statleg nivå – heile tida med barn, unge og deira oppvekstvilkår i sentrum for arbeidet. Av utdanning er ho sosionom.

- Kvifor er du så oppteken av samarbeid?

- Nøkkelen til suksess for det nye barnevernet og familievernet ligg i det sosialpolitiske spenningsfeltet og i samarbeidsflatene med kommunane og helseføretaka.

Barna, ungdommane og familien deira skal realisere seg sjølve i sitt eige nettverk i kommunane. Saman med helseføretaka, særleg barne- og ungdomspsykiatrien, må vi styrkje og hjelpe kommunane, slik at dei lykkast i dette arbeidet. Som hjelparar, kollegaer og medmenneske må vi gjere kvarandre viktige. Her ligg kanskje den viktigaste nøkkelen til endring.

- Kva har de gjort for å realisere dette?

- I 2004 hadde regionkontoret og fagteamet ei rekkje møte med kommunane. Møta hadde to hovudperspektiv: Vi informerte om reforma og fokuserte på måla og strategiane i den, og vi prøvde å lære kommunane å kjenne, høyre kva dei var opptekne av, og kva forventningar dei hadde til det statlege barnevernet og familievernet. Dessutan sette vi søkjelys på det tverretatlege og tverrfaglege samarbeidet i kommunane, samarbeidet med psykiatrien og opplæringssektoren. Vi har oppfordra til fellesprosjekt der Bufetat går inn i eit forpliktande samarbeid både fagleg og økonomisk, men der ansvaret ligg i kommunane. På denne bakgrunnen har vi fått inn ei rekkje søknader om nærmiljøprosjekt.

Bufetat og Helse Midt-Noreg har innleidd samarbeid på fleire nivå. Vi er forskjellige organisasjonar, men har mange felles klientar, og vi har felles overordna mål og samanfallande prosessar på ei rekkje område. Målsetjinga er at barn og unge med samansette problem skal få eit koordinert og heilskapleg tilbod frå helsestellet og barne- og familieverntenestene, seier Aud Bjørkås.



Brukarundersøkingar og kvalitetsarbeid



- I 2004 gjennomførte vi brukarundersøkingar i alle kommunane i regionen og følgde opp med dialogkonferansar mellom barnevernstenestene og fagteama. Der blei dei saman einige om forbetningsområde, seier regiondirektør Pål Frydenberg. Han leier arbeidet i Bufetat region sør. Frydenberg er utdanna sosionom og har blant anna vore fylkesbarnevernssjef i Aust-Agder.

Region sør satsa systematisk på kvalitetsarbeid i 2004. Modellen Common Assessment Framework (CAF) stod sentralt i arbeidet.

- Metoden inneber at ein på systematisk vis kontinuerleg vurderer eit breitt spekter av relevante verkemiddel og resultat for å få fram eit avgjerdsgrunnlag. På bakgrunn av dette kan ein setje i verk effektive tiltak på kvalitetsområdet og nødvendige forbetnings- og læringsprosessar. Det inneber at ein må sjå nøye på leiarskap, strategi og planlegging, medarbeidarar, partnerskap, ressursar og prosessar, seier Frydenberg.

Leiarar og medarbeidarar på alle nivå i etaten skal gjerast ansvarlege. Saman finn dei fram til forbetningsområde og gjennomfører forbetringane.

- Korleis blir brukarane involverte?

- I denne samanhengen er brukarane barn, unge og deira føresette og kommunane. Spørjeskjema vi bruker, inneheld innspel frå både Landsforeningen for barnevernsbarn og ungdommar i våre eigne institusjonar. Og som nemnt: brukarundersøkingar i alle kommunar og dialogkonferansar.

I tillegg gjennomførte vi i 2004 ein del trivselsmålingar hos ungdommar som bur på institusjon, og fekk forslag til konkrete forbetringar. Sameleis gjorde vi nokre trivselsmålingar hos ungdomsfamiliar om samarbeidet mellom familie og konsulent frå tiltaket.

- Kva var hovudutfordringa på kvalitetsområdet i 2004?

- Først og fremst å skape felles forståing for eit heilskapleg, systematisk kvalitetsprogram og innsikt i at kvalitet ikkje berre er eit spørsmål om teknikkar og metodar, men i stor grad handlar om leing og samarbeid. Kvalitetsprogrammet fekk god mottaking i regionen. Vi har etablert fleire utviklingsprosjekt, blant anna eit som er knytt til forbetringstankegangen, seier Pål Frydenberg.



Regiondirektør Pernille Pettersen Smith, Bufetat region aust:

Samarbeid med ungdommen

- Godt samarbeid med den unge sjølv, familien og nettverket er avgjerande i Bufetats arbeid med ungdom, seier regiondirektør Pernille Pettersen Smith i Region aust.

Pernille Pettersen Smith er jurist. Ho har blant anna arbeid i Olje- og energidepartementet, vore advokat i Bærum kommune, blant anna for barnevernstenesta, og vore juridisk rådgivar for dei som arbeider med barn og unge i kommunen.

- Kva er det viktig å leggje vekt på i arbeidet med ungdom?

- Vi skal møte kvar ungdom på ein open og respektfull måte og gi hjelp som den einskilde kan dra nytte av, understrekar Pettersen Smith.

Som eit ledd i det viktige førebyggjande arbeidet gjekk Region aust i gang med prosjektet Nettverksterapeutiske tiltak (NTT) i 2004. Målet er å utvikle tiltak for barn og ungdom utan at dei flyttar frå familien sin.


- Vi ønskjer å prøve ut denne typen tiltak overfor ulike familiar i heile regionen. Dei seks fagteama har valt ut kommunar som skal delta. Tiltaka skal kvalitetssikrast fortløpande.

I 2004 har regionen også etablert fleire MST-team. MST (multisystemisk terapi) er ein metode som skal fremme dei positive evnene ungdommane viser heime, på skulen og i nærmiljøet.

- Kva tilbud har regionen til ungdom som ikkje kan få hjelp i heimen?

- Ein del ungdommar er i ein situasjon som gjer det nødvendig at dei bur utanfor heimen, for eksempel i ein ungdomsfamilie eller på ein av institusjonane våre. I 2004 gjekk startskotet for etableringa av fem institusjonar - ein i kvar Bufetat-region - der ein heilt ny modell for behandling av ungdom med åtferdsvanskar skal prøvast ut. Modellen er basert på omfattande forskingsarbeid. Ås blir vertskommune for den institusjonen som skal etablerast i Region aust, seier Pettersen Smith.

Grundig utgreiing i forkant av opphaldet skal sikre dei unge eit individuelt tilpassa tilbud og tett oppfølging. Samtidig får personalet opplæring og rettleiing som skal sikre at alle har ei felles forståing av dei behova ungdommen har. Også her vil både familien og nettverket til ungdommen bli trekte med i behandlinga, seier Pernille Pettersen Smith.







IA-bedrift – med over 4000 i felles nett

Sommaren 2004 inngjekk Bufetat ein konsernavtale om inkluderande arbeidsliv (IA). Det blei utarbeidd mål og strategiplan for IA-arbeidet i etaten og prosedyrar for oppfølging av sjukmelde.

Gjennom heile året blei det arbeid for å etablere gode rutinar i samarbeidet mellom leiinga og dei tilsette. Medarbeidarar frå arbeidsgivar- og arbeidstakarsida regionalt og sentralt møttest på eigne dialogkonferansar for å drøfte utfordringar og samarbeidsmåtar. Dette førte til at det blei oppretta faste forum for informasjon, drøfting og forhandlingar på ulike nivå i organisasjonen.

Allereie ved inngangen til året blei det etablert ei felles IKT-løysing for heile etaten, bortsett frå familievernkontora. Ved utgangen av året var rundt 4000 tilsette knytte til systemet. I etaten fanst det 2000 arbeidsstasjonar fordelte på 260 ulike stader. Den sentrale IKT-eininga blei ved etableringa plassert i Tønsberg.

Nettstaden [ung.no](http://www.ung.no) – der ungdom får svar

På nettstaden www.ung.no, som Bufdir driv, kan ungdom finne informasjon om sine eigne rettar, plikter og moglegheiter. Der blir det jamleg lagt ut nyhende, artiklar, spørsmål og svar og lenkjer til samarbeidspartnarar og andre interessante nettsider. Sentrale tema er utdanning, sommarjobb, forbrukarinformasjon på mobiltelefon, spel og førarkort.

I 2004 dreiv nettstaden aktiv marknadsføring, blant anna ved å produsere brosjyrar, annonsere på trikkar og på kvasir.no, samarbeide med nettstadene tv2.no, russ.no og daria.no og delta på jobb- og utdanningsmesse.

I samarbeid med Universitetet i Oslo blei det hausten 2004 gjennomført ei evaluering/brukarundersøking. Den viste at dei som besøkte sida, var positive til innhaldet og gjerne ville bruke sida meir. Men undersøkinga viste også at mange ikkje kjende til www.ung.no.

Informasjonsverksemd

Barne-, ungdoms- og familieetaten fekk ny logo og ny grafisk profil i 2004. For å kartleggje kva verdigrunnlag vi skulle byggje profilen på, gjennomførte Bufetat ei spørjeundersøking blant dei tilsette om kjerneverdiane i etaten. Dei tre verdiomgrepa som dei fleste ønskjer at brukarane skal assosiere med Bufetat i framtida, er *truverdig*, *fagleg sterk* og *engasjert*.

Den profilen som blei utarbeidd, skal signalisere både brukarorientering og fagleg styrke. Profilen skal underbyggje at etaten arbeider for tryggleik, utvikling og ei betre framtid. Det kan vere to menneske som saman ser framover, eller kanskje ein som ser rett på oss med ein skugge bak seg? Logoen er open for tolkingar.

Internett

Samtidig som Bufetat fekk ny grafisk profil, blei også internett-sidene oppjusterte til å passe inn i den nye profilen. Nettsidene til Bufetat, www.bufetat.no, dekkjer alle fagfelte våre: barnevern, familievern, ungdomsarbeid, krisesenter og adopsjon. Nettsidene har oppdaterte nyhende, kontaktinformasjon om alle tiltak, familievernkontor og fosterheimstenester og ein kalender som syner all aktivitet innanfor fagfelte våre. Nettsida hadde gjennomsnittleg 12 285 unike treff i månaden i 2004. Talet på treff auka ut gjennom året.

Omorganisering av adopsjonsverksemda

Arbeidet med adopsjonssaker blei omorganisert ved inngangen til 2004. Det førte til at regionane i Bufetat behandlar dei fleste søknader etter lov om adopsjon. Region aust og Region vest kom i gang med dette arbeidet 1. februar. Dei andre regionane trong litt meir tid. Sist ute var Region nord, som var klar til å ta fatt på dei nye oppgåvene 1. september.

Sidan 2004 var eit oppstartsår, greidde ikkje regionane alltid å halde seg innanfor dei vanlege grensene for saksbehandlings-tid. Alle regionane var til tider på etterskot.

Tilsyn med adopsjonsforeiningane

Bufdir har på ulike måtar ført tilsyn med dei tre godkjende adopsjonsforeiningane i Noreg, Verdens Barn, Adopsjonsforum og InorAdopt. Det har vore jamlege kontaktmøte med foreiningane. På møta har foreiningane gjort greie for situasjonen og utviklinga i opphavslandet til adoptivbarna. I tillegg har møta vore brukte til å drøfte

spørsmål av generell og allmenn interesse knytte til formidlingsverksemda.

Bufdir har også sett på utgiftsutviklinga i dei ulike landa. På grunn av den låge dollarkursen gjennom mesteparten av 2004 heldt utgiftene seg på omtrent same nivå som i 2003. Ein del samarbeidsland auka likevel gebyra noko for å få dekt utgiftene sine til arbeidet med internasjonale adopsjonar.

Lengre ventetid – færre barn

I ein del land var det ein klar tendens til at ventetida for å få tildelt barn blei lengre. Det gjaldt særleg i land der det tradisjonelt har vore mindre enn 10–20 adopsjonar årleg. Men også i tidlegare store adopsjonsland er det blitt færre tildelingar. Kor store utslaga er, blir først klart når Statistisk sentralbyrå i juni 2005 legg fram den offisielle adopsjonsstatistikken for 2004.

I samarbeid med Adopsjonsforum gjorde direktoratet i november ei informasjons- og tilsynsreise til Colombia.

Utgangspunktet for reisa var det samarbeidet foreininga har med dei private adopsjonsorganisasjonane i landet. Under opphaldet hadde dei møte med dei sentrale styresmaktene for internasjonale adopsjonar i Colombia og ei rekkje andre instansar som er involverte i arbeidet med internasjonale adopsjonar. Alt i alt fekk vi eit godt innblikk i korleis adopsjonsprosessen går føre seg.

Kompetanseheving

Direktoratet har lagt ned mykje arbeid i å medverke til å heve kompetansen i regionane. I samarbeid med Barne- og familiedepartementet blei adopsjonslova med tilhøyrande forskrifter og retningslinjer gjennomgått. Frå oktober er det arrangert månadlege fagdagar for tilsette som arbeider med adopsjonssaker på regionkontora.

Satsar på samarbeid med eksterne forskingsmiljø

Forsknings- og utviklingseininga i direktoratet (FoU-eininga) arbeider med å utvikle eit kunnskapsbasert barnevern. Eininga driv ikkje sjølv forskning, men satsar på å byggje opp og bruke gode eksterne fagmiljø i etatsens utviklingsarbeid. I samarbeid med Barne- og familiedepartementet har direktoratet sett i gang og følgd opp desse prosjekta i 2004:

Institusjonsprosjektet: Prosjektet er eit tiltak for unge som har åtferdsvanskar og høg risiko for antisosial åtferd, men som ikkje kan nyttiggjere seg heimebaserte tiltak. Det blir etablert fem nye institusjonar basert på prinsipp frå forskinga om behandling av åtferdsvansker. Målet er å forbetre åtferda til ungdommane ved å tilby tidsavgrensa institusjonsopphald og oppfølging av den unge og familien etter opphaldet.

ODA: Dette systemet er eit funksjonelt og sikkert klient-, leiings- og avgjerdsstøttesystem i Bufetat og skal brukast av alle som arbeider med barnevern i det statlege barnevernet. ODA skal produsere pålite-

lege styringsdata og vil vere sentralt for å utvikle eit heilskapleg barnevern. ODA skal føre til mindre bruk av manuell rapportering og redusere problemet med dobbeltrapportering.

Barnevernets handtering av seksuelle overgrep og vald i familien: Ei prosjektgruppe frå Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring, NOVA, forskar på barnevernets handtering av seksuelle overgrep.

Barn som lever med vald i familien: Prosjektet er eit samarbeid mellom Senter for krisepsykologi (SFK) og Alternativ til vold (ATV). Målet er å finne ut kva som skjer med barn som blir utsette for vald eller er vitne til vald.

Barnevern i Noreg 1990–2006: Det er bygd opp eit datamateriale om barnevern basert på data frå Statistisk sentralbyrå. Databasen koplar saman fleire register og gir unike moglegheiter for analyse og datamateriale for ulike djupstudiar. Databasen gjer det mogleg å følgje klientane

gjennom barnevernssystemet frå år til år.

Eit kontrollregime i endring: Prosjektet rettar søkjelyset mot forskjellige former for kontroll, oppfølging og kvalitetsarbeid i barnevernsinstitusjonar. Det er Høgskolen i Agder som leier prosjektet.

Barn som blir plasserte utanfor heimen – 7–8 år etter: Prosjektet er ei vidareføring av tidlegare prosjekt ved Barnevernets utviklingssenter Vestlandet, som følgjer eit utval barn som er plasserte i fosterheim. Det skal vere ein ny runde med datainnnsamling no når barna er mellom 13 og 20 år.

Evaluering av PMTO-kurs for fosterforeldre: Prosjektet tek utgangspunkt i to PMTO-kurs i Sogn og Fjordane og blir leidd av Barnevernets utviklingssenter Vestlandet og Atferdssenteret. PMTO er ein behandlingsmetode for barn med åtferdsvanskar. Prosjektet skal seie noko om effekten av PMTO som førebyggjande tiltak.

Nøkkeltall: Mest pengar til hjelpetiltak for barn

Rekneskapstala for 2004 viser at Barne-, ungdoms- og familieetaten (Bufetat) i det første driftsåret hadde utgifter på til saman 3646 millionar kroner. Trekkjer vi frå inntektene som etaten hadde, totalt 544 millionar kroner, utgjorde netto forbruk 3102 millionar kroner. Dette er drygt ein prosent meir enn det som var budsjettert for etaten for 2004.




Dei utgiftene etaten har, dekkjer rettleiing og hjelpetiltak for barn og familiar. Hjelpetiltak for barn står for den klart største delen. Saman med råd og rettleiing til familiar stod denne posten for ni av ti utgiftskroner. Resten av utgiftene gjeld økonomisk støtte til frivillige lag og foreningar, støtte ved adopsjon og administrasjon av etaten.

I ein del tilfelle kan situasjonen krevje at barnet eller den unge for ein periode får tilbod frå det offentlege om opphald utanfor familien, eller at familien får rettleiing og oppfølging heime. Gjennom heile 2004 var det i snitt i overkant av 2700 barn og unge som mottok eit slikt tilbod. Når situasjonen i heimen krev at barn og unge får eit tilbod utanfor familien, er det behov for store økonomiske ressursar frå samfunnet. Utgifter til det statlege barnevernet utgjorde i 2004 i overkant av 3,2 milliardar kroner.

«Heimebaserte tiltak» vil seie at barnet eller ungdommen og familien får særskild oppfølging heime. Langt fleire barn og unge enn tidlegare hadde eit slikt tilbod ved utgangen av 2004. Når barn og unge mellombels får tilbod om opphald på barnevernsinstitusjon, er dette det mest kostnadskevjangende tiltaket. Ved utgangen av 2004 var det omtrent like mange barn og unge på institusjon som eitt år tidlegare. Den auken vi hadde i 2004, 6 prosent fleire barn, har dermed vore innanfor heimebaserte tiltak.

Utgifter til drift av dei 26 kyrkjelege og dei 39 statlege familievernkontora utgjorde i 2004 litt over 250 millionar kroner.

Kontora driv førebyggjande familievern i form av rettleiing og toverretta verksemd mot befolkninga generelt og mot andre delar av hjelpe- og omsorgsapparatet. Hovudaktiviteten for kontora er likevel lovpålagd mekling og rettleiing for par. Til høgje viser vi kor mange nye saker vi fekk i 2004.



Adresser:

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

Universitetsg. 7
Postboks 8113 Dep.
0032 Oslo
Telefon: 24 04 40 00
Faks: 24 04 40 01
e-post: postmottak@bufdir.no

Bufetat region nord

Betongveien 2
9509 Alta
Telefon: 78 48 10 00
Faks: 78 48 10 01
e-post: region.nord@bufetat.no

Bufetat region Midt-Noreg

Vestre Rosten 77
4495 Trondheim
Telefon: 73 56 30 00
Faks: 73 56 30 01
e-post: region.midt@bufetat.no

Bufetat region vest

Strandgaten 59
Postboks 6200
5893 Bergen
Telefon: 55 37 70 00
Faks: 55 37 70 01
e-post: region.vest@bufetat.no

Bufetat region sør

Olav Trygvasons g. 4
Postboks 2403
3104 Tønsberg
Telefon: 33 72 90 00
Faks: 33 72 90 01
e-post: region.sor@bufetat.no

Bufetat region aust

Pilestredet 27
Postboks 7024 St. Olavs plass
0130 Oslo
Telefon: 24 04 30 00
Faks: 24 04 30 01
e-post: region.ost@bufetat.no

www.bufetat.no



Barne-, ungdoms-og familiedirektoratet
Universitetsg. 7
Postboks 8113 Dep.
0032 Oslo
www.bufdir.no